

Rapport 2007- Januar 2008

Styret består av :

Jostein Aakre (nest leder)
Tor Trønnes
Elin Ekle
Grete Aurmo
Rolf Vegard Sandviken (leder)
Esben Bø

Pål Åge Sjurgard gikk ut av styret våren 2007, nye i styret frå hausten 2007 er Elin Ekle , Grete Aurmo og Jostein Aakre.

Arrangement, konkurransar og trening:

Tor Trønnes er kontaktperson for skisamarbeidet i Ottadalen. I skisamarbeidet for Ottadalen har det vore samlingar på Sognefjellet, Sel, Vågå, Lom og Dombås. Frå Lom deltek 12- 14 løparar i egen "frivillig2 treningsgruppe.

Ca 12-15 løparar deltek i arrangement utanfor Lom. Dette er i hovudsak GD- cup , kretsrenn og "grannekarusell" i Ottadalen.

Skigruppa arrangerer ljosløyperenn i Lia, planen er å få arrangert 8 renn i Lia samt klubbmeisterskap den 10. Februar. Til nå i vinter har det vore vellykka med mellom 80 og 90 born på skirenna. Vi arrangerte "grannekarusell" på ski i Lia den 23. Januar, der deltok løparar frå Lom, Tessand, Sel, Sjørdalen, Vågå, Garmo og Heidal. Før skirenna tysdagane er det idrettsskule som har skileik/ teknikktrening, dette er svært positivt og det er stor oppslutning.

I vinter tok vi avgjersle om å ha startkontingent på skirenna, samt at vi har kaffe, kake- og pølsesal. Dette gjer at vi får gode inntekter inn i idrettslaget. Pengane vi tek inn på skirenna settes på egen konto som idrettlaget/ skigruppa har.

Utstyr/ anlegg

Ljosanlegget i ljosløypa måtte rustes opp da det var ein del strømfel i anlegget, dette vart gjort fyrst i januar 2008. Traseen i ljosløypa må utbetrast for å få god skøyetrase og slik at det blir plass til både fristil og klassisk spor ved sida av kvarandre, dette er ein ting vi må prioritere.

Løypepreparering blir organisert med vaktlister slik at kvar løypekøyrar har ansvar kvar si veke, dette fungerer bra. Løypepreparering tek mykje tid, 4-6 timer tek det å holde vedlike ljosløype og Åslirunda/ Kvammen. Skigruppa køyrer også opp løyper for barneskulen. på Andvordsjordet

Lom 25.01.2008

Rolf Vegard Sandviken